



Kommuneplanen sin Samfunnsdel 2013-2026

Vedtatt kommunestyret jan. 2013

Innhold

1.	Innleiing.....	3
1.1	Bakgrunn for planarbeidet	3
1.2	Planprosessen.....	3
1.3	Forholdet til andre planar.....	4
1.4	Overordna rammer og premisar	4
2.	Kva er vårt utgangspunkt – dei harde fakta.....	6
2.1	Folketalsutvikling og befolkningsstruktur	6
2.2	Næringsstruktur, næringsutvikling og arbeidsløyse.....	7
2.3	Oppvekst og utdanning.....	8
2.4	Helse, sosial og omsorg	8
2.5	Kommunen sin økonomi.....	9
2.6	Kommunebarometeret.....	10
2.7	Innbyggjarane har ordet.....	11
3.	Visjon og overordna målsetting for Høyanger kommune	13
3.1	Visjon – kraftfull knoppskyting	13
3.2	Målsetting – Høyanger kommune fram mot 2025.....	14
4.	Satsingsområde, strategi og tiltak	15
4.1	Aktiv næringspolitikk – ”vi har kraft”	16
4.2	Menneska i sentrum – ”den lovande framtida”	17
4.3	Berekraftig utvikling – ”framtida formast no”	18
4.4	Mangfaldig og inkluderande samfunn – ”eit viktig samarbeid”	19
4.5	Kommunen som organisasjon – ”kven er kommunen?”	20
4.6	Arealpolitikk – ”det fysiske landskapet”	21

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

I Plan og Bygningslova blir det kravd at kommunar skal ha ein samla kommuneplan som omfamnar ein samfunnsdel med handlingsplan og arealdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal omhandle langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Den bør også innehalde ei skildring og vurdering av alternative strategiar for utvikling i kommunen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere grunnlag for dei ulike sektorane sine planar og verksemda i kommunen. Den skal gi retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd, samt ved medverknad frå andre offentlege organ og private.

Kommunen sitt val av strategi for vidare samfunnsutvikling skal vere førande for korleis arealutnytting i kommunen gjennomførast. Val av målsettingar, innsatsområde og tiltak skal forankrast i kommunen sine tilgjengelege ressursar, både økonomiske og menneskelege, og prioriterast for å møte utfordringar.

Høyanger kommune har i seinare tid jobba med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, samt tematiske planar for ulike sektorområde og særinteresser. Arbeidet med samfunnsdelen er starta for å få eit overbyggande heilskapleg plandokument. Ny planperiode for samfunnsdelen blir satt til 2013-2026.

1.2 Planprosessen

Den 08.02.2011 vedtok Planutvalet i Høyanger kommune oppstart av kommuneplanens samfunnsdel, samt høyring av planprogram. Planprogrammet skildra;

- Rammer, premissar og føremål med planarbeidet.
- Dagens status.
- Aktuelle problemstillingar i planarbeidet.
- Opplegg for revisjon og medverknad.

Planprogrammet vart lagt til høyring i 6 veker med frist for tilbakemeldingar 11. april 2011. Den 14.06.2011 vedtok Kommunestyret endeleg planprogram.

Som grunnlag for arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel ligg blant anna omdømeprosjektet gjennomført i regi av Høyanger Næringsutvikling AS og Høyanger kommune. I Prosjektet har det blant anna vorte gjennomført innbyggjarundersøking, inspirasjonsseminar, workshop med næringsliv, lag- og organisasjonar, innbyggjarar og kommuneadministrasjon, samt undersøkingar blant ungdomsskuleelevar og elevar ved Høyanger vidaregåande skule.

Til grunn for arbeidet ligg også Høyanger kommune sin strategiske utviklingsanalyse utarbeidd av Høyanger næringsutvikling og vedteken i kommunestyret 26.01.2012. I tillegg har kommuneplanen sin samfunnsdel vore tema på to leiarsamlingar i regi av Høyanger kommune.

Føremålet med dialogmøte, undersøkingar og liknande har vore å få ei forståing av samfunnet sine utfordringar, dagens

status og behov, samt framtidige ynskjer for utvikling av kommunesamfunnet blant ulike grupper/aktørar.

Arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel har vore organisert med Kommunestyret som eigar av planen og formannskapet som styringsgruppe for arbeidet. Ansvarleg for utarbeiding og gjennomføring av planen er rådmann v/Plan og utviklingsavd. i Høyanger kommune. Planen skal endeleg vedtakast av kommunestyret.

1.3 Forholdet til andre planar

Høyanger kommune sin arealdel er delvis revidert gjennom kommunedelplanar for Vadheim, Siplo, Stordalen og Ikjefjorden. I tillegg er det utarbeidd "Temaplan for Akvakultur" og "Strandsoneanalyse for Høyanger kommune" som skal ligge til grunn for vidare arbeid med kommuneplanens arealdel.

I juli 2009 vart ny Plan og Bygningslov sett i verk. Nye omgrep som "kommunal planstrategi", "områderegulering" og "detaljregulering" vart innført. Planar nemnt ovanfor er utarbeidd etter gammal PBL.

Arbeidet med Kommuneplanens samfunnsdel og arealdel føregår separat, men som parallelle prosessar.




Fig. 1: Kommunale plansystemet

1.4 Overordna rammer og premissar

Høyanger kommune må i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel ta omsyn til statlege og regionale lover, føreskrifter, retningslinjer og planar. Kort oppsummert er dei mest sentrale:

Plan og bygningslova: er det mest sentrale lovverket med omsyn til utarbeiding av kommunale planar. 1. juli 2009 trådde ny PBL i verk og fokuset på kommunen si rolle som samfunnsutviklar, samt kommuneplanens samfunnsdel vart styrka. Lova vektlegg berekraftig utvikling, demokrati og medverknad i planprosessar, universell utforming, samt omsyn til born og unge i planlegging.

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) Føremålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, herunder utjamnar sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidning.

Naturmangfaldslova

Naturmangfaldslova er den mest sentrale lova innan naturforvaltning. Lova regulerar forvaltning av artar, områdevern, framande organismar, utvalde naturtypar og den tar vare på leveområde for prioriterte artar.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa har fastsatt nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging. Hensikta er å gjere planlegging meir målretta og sikre at nasjonale interesser blir teke i vare. Forventingsdokumentet peikar på korleis omsyn fylkeskommunane og kommunane bør legge vekt på i si planlegging for å

gjennomføre nasjonal politikk på områder som spenner fra klima og natur til samferdsel, næringsliv og oppvekstvilkår.

Riskpolitiske retningslinjer:

Rikspolitisk retningslinje for areal og transportplanlegging.

Rikspolitisk retningslinje for å styrkje born og unge sine interesser i planlegging.

Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming.

Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag.

Stortingsmeldingar:

St.meld. nr 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand.*

St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.*

St.meld. nr. 29 (1996-1997) *Regional planlegging og arealpolitikk.*

St.meld. nr. 30 (2002-2003) *Norge digitalt.*

St.meld. nr. 23 (2001-2002) *Bedre miljø i byer og tettsteder.*

St.meld. nr. 22 (2007-2008) *Samfunns-sikkerhet. Samvirke og samordning.*

St.meld. nr. 34 (2006-2007) *Norsk klimapolitikk.*

St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner.*

St.meld. nr. 24 (2003-2004) *Nasjonal transportplan 2006-2015.*

St.meld. nr. 26 (2001-2002) *Bedre kollektivtransport.*

St.meld. nr. 40 (2002-2003) *Nedbygging av funksjonshemmedes barrierer.*

St.meld. nr. 16 (2002-2003) *Resept for et sunnere Norge.*

St.meld. nr. 39 (2001-2002) *Oppvekst og levekår for barn og ungdom i Norge.*

St.meld. nr. 17 (2001-2002) *Samfunns-sikkerhet – veien til et mindre sårbart samfunn.*

St.meld. nr. 39 (2000-2001) *Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet.*

St.meld. nr. 42 (2000-2001) *Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning.*

St.meld. nr. 19 (1999–2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon.*

St.meld. nr. 29 (1997-1998) *Norges oppfølging av Kyotoprotokollen.*

St.meld. nr. 58 (1996-1997) *Miljøpolitikk for en bærekraftig utvikling.*

St.meld. nr. 23 (2008-2009) *Bibliotek: Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid.*

St.meld. nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet.*

St.meld. nr. 24 (2008-2009) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv.*

St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med Kulturminne.*

St.meld. nr 20 (2006-2007) *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller.*

St.meld. nr 47 (2008-2009) *Samhandling-sreformen. Rett behandling – på rett sted til rett tid.*

2. Kva er vårt utgangspunkt – dei harde fakta

2.1 Folketalsutvikling og befolkningsstruktur

År	Folketal	Fødselsoverskot	Innflytting	Utflytting	Netto flytting	Folkevekst
2000	4677	0	176	199	-23	-24
2001	4653	0	147	168	-21	-21
2002	4632	-1	122	174	-52	-53
2003	4579	17	116	162	-46	-29
2004	4550	-23	115	137	-22	-48
2005	4502	6	90	152	-62	-54
2006	4448	-9	126	147	-21	-28
2007	4420	-15	145	172	-27	-46
2008	4374	-26	123	143	-20	-47
2009	4327	-6	130	197	-67	-71
2010	4256	-5	152	126	26	24
2011	4280	-14	146	198	-52	-64
2012	4216	7	160	161	-1	6
2013	4222	X	X	X	X	X

Tabell 1: Folketalsutvikling for Høyanger kommune 01.01.00-01.01.12, Kjelde: SSB,

Med ein nedgang i folketalet på 455 personar, har Høyanger kommune redusert folketalet med ca. 10 % i perioden 2000-2012. Netto fråflytting er hovudårsaka, og er spesielt ein trend blant unge vaksne (aldersgruppa 20 -39 år). T.d. har talet manlege innbyggjarar i aldersgruppa 30-39 år nesten blitt halvert dei siste 10 åra. Frå 2012 til 2013 har folketalet auka med 6 personar. Mogleg dette indikerer ei meir langsiktig positiv utvikling.)

Ei negativ folketalsutvikling har også konsekvensar for utvikling i talet born og unge mellom 0-19 år. I perioden 2000-2011 har talet born og unge gått ned frå 1204 til 1097.

Sett i samanheng med ei aldrande befolkning, må ein vente nedgang i folketal også i framtida om ein ikkje set i verk tiltak.

Utan ein positiv flyttebalanse vil ein sjå nedgang i arbeidsstyrken, samt færre hender og hovud til å løyse oppgåver i offentleg sektor og til å sikre framleis vekst i privat næringsliv.

I kommunen bur 66 % av innbyggjarane i tettbygd strok. Dette er meir enn fylket med 56 %. Dei største tettstadane er Høyanger, Kyrkjebø, Lavik og Vadheim.

Tabell 2: Befolkningsstruktur 2009, alle tal i prosent. Kjelde SSB	Kommune	Fylket	Landet
Menn pr. 100 kvinne 20-39 år	99,8	106,6	103,9
Barn og unge 0-17 år	22,6	23,9	22,7
Eldre - 80 år og over	7,3	5,7	4,5
Personar med innvandrarbakgrunn (vestleg)	1,2	1,6	2,4
Personar med innvandrarbakgrunn (ikkje-vestleg)	3,7	3,4	7,2

2.2 Næringsstruktur, næringsutvikling og arbeidsløyse


Ca. 30% av arbeidsstokken er sysselsett innanfor sekundærnæringane (2009), men talet industriarbeidsplassar har gått ned mellom 2008 og 2010 jf. Fundo Wheels sin konkurs.

Kommunal, fylkeskommunal (Høyanger vidaregåande skule) og statleg sektor (Helse Førde) er viktig når det gjeld sysselsetting innanfor helse og sosiale tenester, undervisning og administrasjon. Tenesteytande næringar ligg under gjennomsnitt for fylket og landet, men har hatt størst oppgang dei siste 5 åra.


Generelt sett har det sidan 2002 vore ein nedgang i tal sysselsette med bustad i kommunen på 268 (11,5 %).

Arbeidsløysa har i eit historisk perspektiv vore låg og stabil, med unntak av enkelthendingar med omstrukturering (Hydro), nedbemanning og konkurs (Fundo Wheels). Arbeidsløysa er pr. oktober 2012 1,4%.

I 2004 var det for første gong fleire som pendla ut av kommunen enn inn. Største utpendlingskommunar er Førde og Bergen. Største innpendlingskommunar er Balestrand og Gaular.



Det er størst utpendling for dei som er sysselsett i tenesteytande næringar, medan sektoren helse- og sosialtenester har mest innpendling.



Næring	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Alle næringar	2327	2236	2161	2120	2194	2221	2214	2020	1945	2059
Jordbruk, Skogbruk, fiske	133	126	116	113	114	111	103	107	106	102
Sekundær næringar	915	858	844	831	843	899	870	651	640	649
Tenesteytande næring	422	422	386	380	422	404	454	452	474	450
Offentleg administrasjon	185	132	127	117	105	113	82	100	96	90
Undervisning	161	147	147	142	155	151	155	165	163	172
Helse og sosiale tenester	451	481	473	477	493	480	485	477	491	516
Andre sos/pers. tenester	53	63	60	54	53	55	54	55	54	72
Uoppgitt	7	7	8	4	9	8	11	13	11	8

Tabell 3; Tal sysselsatte etter bustad, 2011 Kjelde SSB

2.3 Oppvekst og utdanning

Høyanger kommune har eit desentralisert opplæringstilbod med skular og barnehagar i Bjordal, Lavik, Vadheim, Kyrkjebø og Høyanger. Barnehagedekninga er god, og ein har i 2012 oppnådd nasjonale målsetjingar om at alle som har rett får tilbod om plass. For å oppnå målet om at alle som ønskjer det skal få barnehageplass må ein vurdere å ta i bruk all ledig kapasitet i eksisterande lokale, samt bygge ut i Høyanger tettstad.

Kommunen har ein lågare del av befolkninga med høgare utdanning enn fylket og landet. Skilnaden mellom kommunen og landsgjennomsnittet var i 2009 på ca. 10% og kan forklarast med eit historisk stort behov for arbeidskraft innanfor sekundærnæringane.

Nedgangen innan desse arbeidsplassane gir eit auka framtidig behov for å sjå utdanning og utdanningstilbodet i kommunen, og da spesielt ved Høyanger vidaregåande skule, som viktig i det vidare utviklingsarbeidet.

Høyanger vidaregåande skule er, og vil i framtida, vere heilt sentral m.o.t. å sikre næringslivet arbeidskraft med nødvendig kompetanse (opplæring av elevar og oppfølging av lærlingar og lærebedrifter), sikre ungdom ei trygg oppvekst og høve til å bu heime fram til fylte 18 år, samt gjere kommunen attraktiv og interessant for tilflytting og dermed positiv folketalsutvikling.


	<i>Kommune</i>	<i>Fylket</i>	<i>Landet</i>
Barnehagedekning 1-5 år i %	94,5	91,9	89,7
Barnehagedekning 3-5 år i %	98,3	98,6	96,5
Gjennomsnittleg gruppestorleik, 1-7 årstrinn	8,4	10,7	13,2
Gjennomsnittleg gruppestorleik, 8-10 årstrinn	11,2	12,8	14,8
Elevar i grunnskulen med spesial undervisning i %	10,2	9,1	8,6
Befolkninga 16 år og eldre med høgare utdanning i %	18,4	23,8	26,5
Menner	15,4	19,7	26,5
Kvinner	21,5	27,9	31,5

Tabell 4: Barnehager og utdanning, 2011. Kjelde SSB

2.4 Helse, sosial og omsorg

Framskriving viser at tal eldre kjem til å auke i Høyanger kommune. Størst auke i planperioden vil ein få innanfor aldersgruppa 67-79 år. Auke innanfor aldersgruppa 80-89 år ser ein først rundt 2020. Folkemengda 90 år og eldre held seg relativt stabilt.

Ei slik framskriving gjer at Høyanger kommune truleg må bruke auka ressursar innanfor helse, pleie og omsorg. Ein stor del av innbyggjarane sitt totale helsebehov blir tatt ut dei siste leveåra. Målretta folkehelsesatsing og førebyggjande helsetenester vil vere særskild viktig bidrag for å fremje god helse blant innbyggjarane.



2.5 Kommunen sin økonomi

Hovudmålet med budsjett og økonomiplan er å styre kommunen sin økonomi slik at ein sikrar økonomisk handlefridom. Følgjande overordna økonomiske styringsmål skal ligge til grunn for kommunen sitt arbeid med årsbudsjett og økonomiplan:

1. Budsjett og økonomiplan skal bidra til ei effektiv utnytting av kommunens ressursar. Dette gjennom ei laupande vurdering og tilpassing av tenesteproduksjonen, sett i forhold til kommunen sine inntektsrammer.
2. Kommunen **bør** setje av inntil 3 % av driftsinntektene til finansiering av investeringar og oppbygging av "driftsbuffer" i form av disposisjonsfond. Dette sikrar tilstrekkeleg likviditet til laupande utbetalingar og eigenkapital til investeringar.
3. Den langsiktige gjelda bør på sikt tilpassast kravet i overordna styringsmål om økonomisk handlefridom.

Gjennom inntektssystemet har kommunesektoren sine inntekter stadig vore i

endring. Dei siste endringar har styrka Høyanger kommune sine samla inntekter. Pr. dags dato utnyttar ein eigeleg skattegrunnlaget fullt ut. I tillegg har ein følgjande tre kraftrelaterte inntekter:

- a) Regulering og konsesjonsavgifter årleg på ca. 6,7 mill kroner som skal avsettast i kraftfond som seinare kan nyttast i drifta i samsvar med sentrale vedtekter. Har dei seinare åra blitt nytta heilt ut i drifta.
- b) Høyanger kommune disponerer f.t. 103,5 GWh konsesjonskraft. Gjennom Landsamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) har det vore arbeid med stabile rammevilkår rundt ordninga. Desse er no på plass.
- c) Heimfallskraftinntekter (utbytte av andel) har t.o.m. 2010 vore om lag 5,5 mill kroner årleg. Det skjedde ei omlegging av ordninga frå 01.01.2011 som fører til at Høyanger kommune i staden får tilgang på fysisk kraft (169 GWh) i åra framover. Dette vil auke inntektene for kommunen. I 2011 fekk kommunen ei netto heimfallsinntekt på 18,3 mill. Inntekta bidrog til at ein kunne overføre 10 mill til

investeringsrekneskapen, dvs. erstatning for lånefinansiering. Det vart budsjettert i 2012 med ei netto inntekt på 16,55 mill kr.

For å nå måla bør følgjande retningsliner leggst til grunn:

a) Regulering – og konsesjonsavgiftene bør bli ståande i kraftfondet, og delvis nyttast til investering og ikkje nyttast i drifta.

b) Inntekter frå sal av konsesjonskraft må nyttast til å avsette fullt ut 3 % av driftsinntektene til disposisjonsfond og til investeringar.

Med den omstrukturering som er i lokalt næringsliv og forventa nye arbeidsplassar i planperioden legg ein til grunn ei normal utvikling i skatt på inntekt og formue.

2.6 Kommunebarometeret

Kommunebarometeret er ei samanlikning av landets kommunar, basert på til saman 47 sentrale nøkkeltal. Talmaterialet er blant anna henta frå Statistisk sentralbyrå, Kostradatabase, samt Grunnskuleinformasjonssystem. Høyanger kommune si rangering totalt sett er plass 257 av 429 kommuner. Innanfor dei ulike sektorar er rangeringa som følgjer;

Grunnskule	Rang
Gj.snitt grunnskulepoeng	24
Gj.snitt grunnskulepoeng	20
Snitt nasjonale prøver 5. trinn	263
Snitt nasjonale prøver 5. trinn	242
Tal elevar som ikkje har gjennomført VGS,	192
Tal elevar pr. PC	344
Trivsel 7. trinn	227
Trivsel 10. trinn	33
Mobbing 7. trinn	169
Mobbing 10. trinn	243
Tal tilsette i SFO utan relevant utdanning	328
Tal lærarar utan godkjent utdanning	403

	<i>Kom.</i>	<i>Fylket</i>	<i>Landet</i>
Frie inntekter pr. innbyggjar.	49 438	47 565	43 440
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar			
<i>Administrasjon</i>	7 742	5 221	3 943
<i>Barnehage</i>	111 930	103 989	108 543
<i>Grunnskule</i>	115 348	105 192	93 318
<i>Pleie og omsorg</i>	21 791	17 571	14 030
<i>Kommunehelse</i>	3 462	2 441	1 939
<i>Barnevern 0-17 år</i>	4 212	5 131	6 323
<i>Sosialt. 20 -66 år</i>	3 978	1 720	2 906
Netto lånegjeld pr. innbyggjar i kr.	90 593	56 174	34 421

Tabell 5: Kommunal økonomi, SSB 2011

Pleie og omsorg	Rang
Tal årsverk med fagutdanning	206
Andel på korttidsopphald	276
Andel plassar (heildøgsbemanna)	297
Tildelte timar i heimen (heimesjukep.)	352
Tildelte timar i heimen, praktisk bistand	389
Tid med lege/fysioterapi pr. veke. pr bebuar i sjukeheim	213
Andel plassar i einerom	2
Årsverk pr. mottakar	338

Barnevern	Rang
Tal undersøkingar m behandlingstid over 3 mnd.	372
Tal undersøkingar m behandlingstid over 3 mnd., snitt siste 4 år.	290
Tal born med utarbeidd plan	102
Tal born med utarbeidd plan, snitt siste 4 år.	109
Utgifter til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste	253
Stillingar med fagutd. pr. barn 0-17 år	411
Innført internkontroll	1

Barnehage	Rang
Styrarar og pedagogiske leiarar med godkjend førskulelærarutdanning.	166

Assistentar med relevant utdanning	384
Leik og opphaldsareal pr. born	215
Tal born pr. årsverk	62
Opphaldstimar pr. årsverk i kommunal bh.	131
Tilsette som er menn	324
Minoritetsspråklege born i barnehage	165
Andel med opningstid 10t el. meir pr. dag.	245

Helse	Rang
Legeårsverk pr. 10 000 innb.	65
Tal innleggingar pr. 1000 innb.	373
Helsesøsterårsverk pr. innbyggjar 0-5 år	73
Årsverk psykiatrisk sjukepleiar pr. innb.	140
Diabetesmedisin, pr. 10 000 innb.	99
Hjarte/karmedisin, pr. 10 000 innb.	312
Listelengde fastlegar	93
Reservekapasitet fastlegar	179
Netto utgifter til førebygging, kr. Pr. innb.	169

Kultur	Rang
Netto driftsutg. av totale netto driftsutg.	16
Kommunale driftstilskudd pr. lag	327
Netto driftsutgifter til idrett pr. innb.	384
Netto utgift born og unge	149
Netto utgift til buibliotek pr. innb.	33
Utlån alle medier frå folkebibl. pr. innb.	41
Besøk i folkebibl. pr. innb.	18
Andel av elevar i kulturskulen	226
Andel på venteliste til kulturskulen	1
Bruk av fritidssentre	204

Sosialtenesta	Rang
Snitt stønadslengde 18 -24 år	347
Snitt stønadslengde 25-66 år	340
Snitt utbetaling pr. stønadsmnd	291
Andel som går over 6 mnd på stønad	277
Andel arbeidslause i kommunen	254
Andel mottakarar med individuell plan	32
Andel mottakarar som får gjeldsrådgiving	68
Sosialmottakarar pr. årsverk	346
Tlf.tid pr. brukar	25

Økonomi	Rang
Netto driftsresultat siste år	92

Netto driftsresultat siste 4 år	151
Disp.fond i prosent av brutto driftsinntekter	344
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	311
Endring av netto lånegjeld i % av bruttoinntekter, siste 4 år	7
Samla investeringar, del av brutto driftsinntekter siste 4 år	191
Lån som andel av finansiering av investeringar siste 4 år	158
Ubunde investeringsfond som andel av netto lånegjeld	345
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	349
Lønn som andel av samla brutto driftsinntekter	4

Vatn, avlaup og renovasjon	Rang
Årsgebyr, renovasjon, avlaup og vatn	141
Snitt vassbruk pr. tilknytt innb.	196
Vasslekkasje pr. meter leidning pr. år	261
Andel fornya vassleidningsnettsiste 4 år	38
Berekna snittalder for vassleidningsnettet	222
Andel fornya leidningsnett siste 4 år avløp	115
Berekna snittalder for spillvassnett	344
Hushaldningsavfall pr. innb.	129
Andel hushaldningsavfall usortert	36

Nærmiljø og klima	Rang
Energikostnadar pr kvadratmeter bygg	81
Samla byggareal, kvadratmeter pr. innb.	310
Kommuneplan omfattar mål om å redusere klimagassutslepp	1
Sykkel-, gangveg/tursti m/kom.driftsansvar	287

Einheitskostnader	Rang
Heimeteneste brutto utg. pr mottakar	59
Sjukeheim brutto utg. pr. mottakar	297
Grunnskule netto driftsutgift pr. elev	305
Barnehage brutto utg. pr opphaldstime	97
Sosialtenestedriftsutgifter pr mottakar	343
Kommunehelse – netto utg. pr innb	331
Adm og styring – netto utgifter pr innb	332

2.7 Innbyggjarane har ordet

Hausten 2008 gjennomførte Høyanger Næringsutvikling innbyggjarundersøking

med målsetting om å avdekkje innbyggjarane sitt syn og haldningar til ulike forhold i kommunen. Undersøkinga avdekkja følgjande:

a) Natur, skule, barnehage, friluft- og kulturtilbodet er det flest er spesielt nøgd med.

b) 7 av 10 meiner Høyanger kommune er ein svært/meget god stad både å vekse opp, bu og leve. 8 av 10 kan tilrå venner/kjende å flytte til Høyanger kommune.

c) Jobb og "familiære forhold" er hovudårsaka til å bu i Høyanger kommune, men jobbsituasjon og utdanning er også det som gjer flest usikre på eiga framtid.

d) Helse-/omsorgstenester, butikk-/vareutval, kollektivtilbod og vegar er det flest meiner bør bli betre.

e) Offentleg informasjon og utvalet av bustader/tomter scorar middels.

Ungdommen kjem med følgjande ynskjeliste:

a) Fleire idrettstilbod, konsertar, kafear, butikkar og arrangement.

b) Betre informasjon, kommunikasjon og miljøfokus.

c) Fleire fasilitetar, som t.d. strand, treningscenter, tennisbane, m.m.

3. Visjon og overordna målsetting for Høyanger kommune

Frå Høyanger si unike industrihistorie er det sprunge ut rause samfunn prega av solidaritet og varme – der folk løftar i lag.

Vi har nytta kraftressursane og industrikompetansen vår til å skape eit grøntare og meir mangfaldig næringsliv, med fleire globale industripotent.

Vi likar nye utfordringar. Med handlekraft gjer vi dei om til moglegheiter.

Høyanger er ein kraftfull kommune, der ein kan kombinere eit spanande arbeidsliv med gode oppvekstvilkår og unike naturopplevingar

Omdømeoposisjon 2020-
utarbeidd og vedteken, 2011



3.1 Visjon – kraftfull knoppskyting

Kunne du tenke deg å vere del av ein **kraftfull, skapande** og **varm** kommune? Det kunne vi vel alle, og vi meiner at desse eigenskapane stemmer godt med den vilje og dei ynskje som kommunen Høyanger uttrykker i ulike samanhengar.

Vi trur at om desse stikkorda blir leiande for alt vi gjer kvar einaste dag kan vi klare å skape **rom for nytenking** og **menneskeleg utvikling**. Vi trur at om vi einast om og arbeider for ein felles visjon

for framtida kan vi oppnå ei **positiv folketalsutvikling, vekst i næringslivet** og **ein god kvardag** som engasjerer alle aldersgrupper.

Med **respekt for fortida**, vil vi ha fokus på **å skape framtida**. Gjennom målretta og strategisk arbeid kan vi sjølv definere framtidsbildet og lykkast med vår visjon om å vere ein kommune prega av **kraftfull knoppskyting**. Ved å framelske gode krefter og dyrke kommande generasjonar

kan Høyanger kommune i framtida vere ein kommune der andre søker kunnskap og erfaring.

Samtidig veit vi at våre røter og vår fortid gir identitet, sjel og grunn til å vere stolte. Historie og kulturarv definerer kven vi er i dag og gjer staden, næringsliv og menneskja unike når det gjeld kunnskap og moglegheiter. I dette ligg ressursar som

kan nyttast i ein kontinuerleg utvikling og omstillingsprosess.

Skal vi realisere framtidsbiletet om å vere **kraftfull, skapande** og **varm**, der ein **respekterer fortida**, men også har sterkt fokus på **skape framtida**, er ein bevisstheit kring målsettingar, val og handlingar ein viktige føresetnad for å lykkast.

3.2 Målsetting – Høyanger kommune fram mot 2025.

Ei god målsetting er konkret, målbar, realistisk og tidsavgrensa. Medan visjonen angir ei brei oppfatning av framtida, angir målsettingar at ein har bestemt seg for retning og kva ein vil oppnå.

Overordna målsettingar – aktiv, handlekraftig og framtidsretta.

- Høyanger kommune skal ha positiv folketalsvekst.
- Høyanger kommune skal ha vekst i næringslivet.
- Høyanger kommune skal saman med Høyanger vidaregåande skule og lokalt næringsliv sikre høg kvalitet i ei samanhengande 13 – årig opplæring i kommunen.
- Høyanger kommune skal vere ein god og trygg stad å bu for alle kommunen sine innbyggjarar. I alle avgjersler som har betydning for innbyggjarane skal helsekonsekvensar vurderast.
- Høyanger kommune skal vere ein veldriven organisasjon som yte raske og gode tenester.
- Høyanger kommune skal forvalte ressursane sine berekraftig.

Resultatmål i planperioden

- Høyanger kommune skal ha årleg folketalsvekst på 0,5 %. Folketalsveksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år.
- Høyanger kommune skal ha vekst i tal arbeidsplassar på 400 til 600.
- Høyanger kommune skal vere blant dei 100 best rangerte kommunane i kommunebarometeret.
- Høyanger kommune skal ha positiv utvikling i sin folkehelseprofil (jf. data frå (FHI)).
- Høyanger kommune skal redusere forbruk og utslepp som er skadeleg for klima og miljø med 20 %.

Satsingsområde 2012 – 2025.

- Aktiv næringspolitikk
- Menneska i sentrum
- Berekraftig utvikling
- Mangfaldig inkluderande samfunn
- Kommunen som organisasjon
- Arealpolitikk

På dei neste sidene presenterast strategiar og tiltak innanfor kvart av dei ulike satsingsområda.

4. Satsingsområde, strategi og tiltak

Samfunnsutvikling formast alt etter kva globale, nasjonale og lokale trendar som rår, kva retning samfunnsdebatten tar, samt kva føresetnadar som ligg til grunn i den enkelte kommune.

I nokon tilfelle er både utfordringar og moglegheiter godt kjende, men kan gjennom historia ha endra innhald. I andre samanhengar er dei nye og ukjende.

Høyanger kommunen skal vere initiativtakar og katalysator for å fremje god samfunnsutvikling innanfor gitte rammer, men er avhengig av samarbeid med andre driftige krefter for å lykkast. Utviklingskraft fins hjå driftige personar, og skapast når ein gir desse handlingsrom.

Nedanfor føreslår vi følgjande utviklingsstrategi og føringar for arealforvaltning i Høyanger kommune.

Satsingsområde	Strategi			
Aktiv næringspolitikk	Utvikle samferdsle og kommunikasjon.	Styrke kommunen si rolle som pådrivar og tilretteleggar.	Utvikle handel- og reiselivs-næringa.	Styrke nyskaping og entreprenørskap
Menneska i sentrum	Fokus på stadutvikling	Styrke kultur og fritid	God kvardag for born og unge	
Berekraftig utvikling	Sikre viktig natur og kulturlandskap	Reduksjon av utslepp	Klima-utfordringar	Reduksjon av forbruk
Inkluderande samfunn	Arbeidsliv	Folkehelse	Likestilling	Samarbeid
Kommunen som organisasjon	Kompetanse-utvikling	Kvalitet og resultat	Verdiar og etiske standardar	Likebehandling og rettssikkerheit

Arealpolitikk	Bustadbygging	Sentrumsutvikling	Strandsona som ressurs	Grønstruktur, trivsel og fysisk aktivitet	Klimaendring og samfunnstryggleik	Næringsareal til utvikling	Jordvern
----------------------	---------------	-------------------	------------------------	---	-----------------------------------	----------------------------	----------

4.1 Aktiv næringspolitikk – ”vi har kraft”

Vekst i næringslivet er ein føresetnad for å skape arbeidsplassar, rekruttering og tilflytting. Næringsutvikling skal vere god samfunnsutvikling der ein søker å oppnå balansert samspel med andre viktige kvalitetar kommunen forvaltar.

For å oppfylle visjonen om å vere ein kommune prega av kraftfull knoppskyting må det arbeidast for å få til positiv utvikling av eksisterande næringsliv, samt motivere til nyetablering i kommunen. God dialog mellom lokale og regionale aktørar innanfor både offentleg forvaltning og privat er sentralt for å kunne kjenne kvarandre sine utfordringar og behov.

Strategi og tiltak

1. Utvikle samferdsle og kommunikasjon:

- Bidra til å styrke kommunikasjonar i kommunen, spesielt mellom nordsida og sørsida av Sognefjorden, tettstaden og bygdene samt aksene Høyanger – Lavik.
- Arbeide for at ekspressbåten si rute mellom Bergen og Sogn stoppar i Høyanger tettstad.
- Arbeide for utbetring av FV 55 strekning Ulvåna – Tronvik, samt diverse flaskehalsar på FV 92 og FV 8 Ortnevik – Oppedal.
- Vere pådrivar i samband med planarbeid som omfattar E39..
- Medverke til vidareutvikle Førde Lufthamn, Bringeland.
- Arbeide for breiband/fiber, samt mobildekning i heile kommunen.

2. Styrke Høyanger kommune si rolle som aktiv pådrivar og tilretteleggar:

- Etablere fast arena for dialog mellom Høyanger kommune, Høyanger Næringsutvikling AS og næringsdrivande.

- Høyanger næringsutvikling AS skal vere kommunens førstelinje/ mottaksapparat for handtering av initiativ frå næringsdrivande.
- Skape forutsigbarheit gjennom å planlegge med langsiktige og tydlege målsettingar og rammer.
- Ha tilgjengleg areal til forretning- og næringsføremål.
- Arbeide for auka samarbeid mellom offentleg sektor, Høyanger vidaregåande skule og næringsliv.
- Bidra til at Hydro modernisera og bygger ut Høyanger metallverk.
- Bidra til å sikre og utvikle Høyanger vidaregåande skule.

3. Utvikle handels- og reiselivsnæringa:

- Arbeide fram planar om nytt rådhuskvartal, inkludert nytt handelshus.
- Utvikle sentrumsområde gjennom å gjere tilgjengleg tenestetilbod og opplevingar som skapar aktivitet.
- Fokus på arkitektur, estetikk og stadutvikling for å auke sentrumsområde sin attraktivitet for både innbyggjarar og besøkjande.
- Auke kompetansen hjå sentrale aktørar innanfor reiseliv og turisme, samt bidra til regionalt samarbeid.

4. Styrke grunderånd og evne til nyskaping

- Etablere aktivitetar for å støtte og vidareutvikle nystarta bedrifter og for å mobilisere personar som ynskjer å starte eiga verksemd.
- Satse på entreprenørskap i skule/utdanning på alle nivå.
- Aktivt følgje opp og støtte initiativ av nyskapande karakter.

4.2 Menneska i sentrum – ”den lovande framtida”

Trivsel skapast gjennom moglegheiter for aktiv fritid og møter med andre. Tilbod om fritid og friluftaktivitetar er tilbod om rekreasjon og ein innhaldsrik kvardag.

Tilgang på attraktive offentlege rom og kulturtilbod styrkjar miljø, samkjensle, trivsel og moglegheit for vekst gjennom attraktivitet både for næringsdrivande og tilflyttarar. Identitet og særpreg må ligge til grunn for nye tiltak, og bør saman med lokal kulturarv brukast som ressurs i utviklingsarbeid.

Å investere i ungdommen påverkar trivsel, bulyst og ynskje om å satse på eigen heimkommune i vaksen alder. Ei investering i ungdom bør skje på ungdommens premissar. Det inneberer fokus på og invitasjon til dialog.



Strategi og tiltak

1. Fokus på stadutvikling:

- Skape nye og utvikle eksisterande offentlege (sosiale) møteplassar i alle tettstadane.
- Styrke bygde- og grendelaga slik at dei kan vere aktive bidragsytarar i å skape trivsel og utvikle eigne lokalsamfunn.
- Ha fokus på kultur og historie i stadutviklingsprosjekt for slik å styrkje særpreg og identitet.

- Kommuneorganisasjonen deltek når det er engasjement i lokalsamfunna.

2. Styrke kultur og fritid:

- Styrke kulturskulen slik at den kan vere ein aktiv bidragsytar i å utvikle kulturtilbodet.
- Legge til rette for at frivillige og andre skal kunne gjennomføre festivalar og arrangement.
- Utvikle kulturtilbodet gjennom etablering av Gunnar S. Gundersen galleri.
- Sikre gode idrettsanlegg gjennom oppfølging av ”kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet”.

3. God kvardag for born og unge:

- Etablere arenaer der born og unge på eigne premissar er med å prioriterar kva som er viktig.
- Sikre eit godt skuletilbod for elevar i alle aldrar, samt utvikle skulebygg til også å vere ein sosial møteplass etter skuletid.
- Sikre eit skuletilbod som gjer at ungdom kan bu heime til fylt 18 år.
- Sikre eit godt kollektivtransporttilbod slik at aktivitetstilbod er tilgjengleg for ungdom i heile kommunen.
- Arbeide for at offentlege område der born leikar og ferdast er trygge og tilpassa born sine ferdigheiter.

4. Informasjon og vertskapsrolle

- Etablere eit mottaksapparat slik at nye innbyggjarar føler seg velkomne og trivast.
- Vidareutvikle informasjonsarbeidet for å synleggjere kommunen sitt tilbod ovanfor ulike grupper.

4.3 Berekraftig utvikling – ”framtida formast no”

Kommunens ressursar skal forvaltast berekraftig og fremje innbyggjarane, samt framtidige generasjonar, si helse og trivsel. Energiforbruket skal reduserast, og kommunen skal arbeide for ein reduksjon av utslepp som er skadeleg for klima og lokalmiljø. Fokuset er rein jord, luft og vann. Venta klimaendringar skal møtast på ein planmessig måte og potensialet for klimavennleg lokal energiproduksjon skal sikrast.

Strategiar og tiltak

1. Sikre viktig natur og kulturlandskap:

- Få auka kunnskap om naturtypar og artar slik at ein kan sikre biologisk mangfald gjennom arealbruksavgjersler.
- Fokus på samanhengande grønt/naturområde.
- Setje i verk tiltak for vedlikehald av kulturlandskap



2. Reduksjon av utslepp:

- Fokus på tiltak som redusera utslepp til vassdrag og sjø. Dette gjeld spesielt utslepp til Vadheims- og Høyangsfjorden.
- Det skal årleg gjennomførast aksjonar i heile kommunen for å hindre ulovleg søppelhandtering etter forureiningslova.

- Det skal systematisk arbeidast for å redusere arealavrenning og punktutslepp frå landbruket.
- Det skal systematisk arbeidast for å redusere utslepp frå industri og fiskeoppdrett.

3. Reduksjon av forbruk:

- Stabilisere og helst redusere straumforbruk i alle kommunale bygg gjennom systematisk arbeid med ENØK – planar.
- Nye kommunale byggeprosjekt skal ha som målsetting å bli kopla til eksisterande fjernvarmeanlegg.
- Høyanger kommune skal prioritere miljømerka varer og tenester frå miljøsertifiserte bedrifter.
- Høyanger kommune skal arbeide for å redusere forbruk og avfall i eigen verksemd, t.d. gjennom kjeldesortering.

4. Klimautfordring og samfunnstryggleik:

- Det skal utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse for heile kommunen.
- Ein skal i eldre utbyggingsområde **med mistanke om fare** gjennomføre egne kartleggingar.
- Regnvatn skal renne i bekkar og kanalar i staden for lukka røyr.
- Klimatilpassing skal vere sentral i all arealplanlegging.



4.4 Mangfoldig og inkluderende samfunn – ”eit viktig samarbeid”

Gjennom å vere lokal pådrivar for eit inkluderande samfunn, skal ein sikre like moglegheiter og rettar, både i arbeidsliv og fritid, for alle innbyggjarar. Dette gjeld uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, funksjonsevne, seksuell orientering, religion og ev. sosial tilhøyrighet.

Høyanger kommune skal ha fokus på samarbeid med næringsliv og frivillige organisasjonar for å styrkje helsefremjande faktorar, samt redusere faktorar som medfører helseisiko. Slik ynskjer ein å bidra til utvikling av eit samfunn som førebygger sjukdom og skadar, samt fremjar positive helseval og ein sunn livsstil uavhengig av inntekt, utdanning, oppvekst og arbeid.

Strategiar og tiltak

1. Sikre deltaking i arbeidslivet:

- Høyanger kommune skal vere fleksible m.o.t. tilrettelegging av praksisplassar for utsette grupper (arbeidstrening, språkopplæring, m.m), samt personar med ulik funksjonsnedsetting.
- Høyanger kommune skal vere fleksible m.o.t å legge til rette arbeidssituasjon og forhold ved arbeidsplassen for å sikre at arbeidstakarar kan stå lengre i arbeidslivet.

2. Fremje god folkehelse:

Frå dei statlege satsingsområda i folkehelsearbeidet skal Høyanger kommune prioritere desse satsingsområda: *Reduksjon i sosiale helsekilnadar, fysisk aktivitet, kosthald, tobakk, rus og førebygging av ulykker som medfører personskader.* Dette skal arbeidast med gjennom å:

- Sikre god samhandling mellom ulike offentlege tenestemråde gjennom å etablere arenaer for dialog.
- Involvere og samarbeide med skular, frivillige, nærmiljø og arbeidslivet.
- Ha fokus på kunnskapsformidling.
- Sikre oppfølging av folkehelsearbeid i arealplanlegging.



3. Likestilling:

- Motivere til og forankre arbeid med likestilling i eigen organisasjon og i samfunnet elles.
- Setje i verk tiltak for å auke kunnskapen om likestillings-situasjonen i eigen organisasjon og i samfunnet generelt.
- Sikre oppfølging av likestilling i kommunen sitt planarbeid.
- Sikre full barnehagedekning.

4. Universell utforming:

- Høyanger kommune skal informere og oppfordre private aktørar om å følgje prinsippet om universell utforming.
- Høyanger kommune skal informere om gjeldande lover og reglar i sakshandsaming.
- Høyanger kommune skal arbeide for å oppnå universell utforming i offentlege uteområde og bygg.

4.5 Kommunen som organisasjon – ”kven er kommunen?”

Høyanger kommune skal vere ein velfungerande organisasjon med fagkompetansen som trengs for å yte god og rask service til innbyggjarane. Ressursar, både økonomiske og menneskelege, forvaltaast forsvarleg og på ein best mogleg måte for å kunne yte gode kommunale tenester tilpassa rammer ein opererer innanfor. Klare og tydelege verdier og etiske standardar skal sikre likebehandling og rettsikkerheit for både innbyggjarar og tilsette.

Styrking av effektivitet, kvalitet og resultat skal skje gjennom fokus på forbetring av eigne prestasjonar og oppnådde resultat. Prestasjonar og resultat skal målast og vurderast gjennom tilgjengelege og nye systemverktøy, samt innrapportert statistikk. Forbetring skal skje gjennom dialog med både tilsette og innbyggjarar, samt undersøkingar som kartlegg brukarar av kommunale tenester sine erfaringar. Informasjon og kommunikasjonsteknologi skal takast i bruk for å sikre meir effektiv forvaltning og meir brukarorienterte løysingar.

Høyanger kommune treng tilstrekkeleg fagkompetanse for å løyse tenesteoppgåver og for å vere ein aktiv samfunnsutviklar. Humankapital er ein av organisasjonens viktigaste ressursar, og det er den enkelte tilsette sin kompetanse og engasjement som skapar resultat.

Strategiar og tiltak

1. Kompetanseutvikling, medarbeidar – og leiarutvikling:

- Vurdere å utarbeide kompetanseplanar for kvart av tenesteområda, samt kommunen samla, for å oppnå strategisk kompetanseutvikling.

- Initiativ og personlege eigenskapar hjå den enkelte arbeidstakar skal bli teke i vare og vidareutvikla.
- Vurdere eiga mentorordning for å sikre personleg og fagleg utvikling hjå den enkelte medarbeidar.
- Lønnspolitikk gir retningslinjer for å bestemme økonomisk kompensasjon til medarbeidarar, basert på kompetanse og oppnådde resultat.

2. Kvalitet og resultat:

- Kvalitetsstyringverktøy skal nyttast av alle kommunalt tilsette for å avdekke feil og manglar, samt forbetringsmoglegheiter.
- Som eit verkemiddel i kvalitetsutvikling av kommunen sine tenester skal det utarbeidast ein strategi for innføring av serviceerklæringar.
- Høyanger kommune skal ta i bruk ulike verkemiddel for å etablere dialog. Dialog og tilbakemelding er viktige kjelder til kvalitetsforbetring.

3. Verdier og etiske standardar:

- Høyanger kommune skal ha etiske retningslinjer, samt nokre styrande verdier. Desse skal vere lett tilgjengleg for alle kommunalt tilsette og politisk valde.
- Høyanger kommune skal ha fokus på openheit og innsyn i eigen aktivitet og verksemd.

4. Likebehandling og rettsikkerheit:

- Kommunalt tilsette skal gi innbyggjarar, næringsdrivande og andre, riktig og oppdatert informasjon om rettigheter og plikter.

4.6 Arealpolitikk – ”det fysiske landskapet”

For å oppnå målsettingane om folketalsvekst, vekst i næringslivet, berekraftig utvikling og ein god kvardag for innbyggjarane er det avgjerande med oppfølging gjennom ein aktiv arealbrukspolitikk.

Tiltak i form av arealbruk vil bli synleggjort i kommuneplanens arealdel. Dette kapitlet omhandlar strategiar for korleis arealressursar i kommunen skal nyttast for å oppnå dei overordna målsettingane.

Strategiar:

1. Bustadbygging:

Fokus på bustadbygging ligg til grunn for å tilby eit bustadtilbod som ulike grupper menneske finn attraktivt. Tilgjenge til bustadar er avgjerande om ein skal trekkje folk til Høyanger kommune.

Kommunen sin strategi for bustadbygging skal vere todelt; regulerte bustadfelt i tettbygd strøk (bygdelaga og kommunesenteret) og opning for spreidd busetnad elles i kommunen. Ein føresetnad for ny bustadbygging bør vere styrking av eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.

2. Sentrumsutvikling:

Areal i sentrumsområde er mangelvare og bør brukast målretta for å få riktig plassering av ulike verksemder og funksjonar. Bustadar i sentrumsområde bør ha nærleik til service- og kulturtilbod,

samtidig som ein tilrettelegg for eit størst mogleg mangfald av aktivitetar.

I kommunesenteret må ein for å kunne realisere nye og attraktive bustadar ha fokus på transformasjon av blant anna tidlegare næringsareal, samt fortetting. For å vitalisere sentrum må ein satse på alternative buformer og det må leggjast til rette for bygging av små og rimelege sentrumsnære leilegheiter.

Kommunesenteret skal vere ei drivkraft lokalt der ein har fokus på å utvikle eit miljø for handel, næring og kultur for alle innbyggjarane i kommunen.

3. Strandsona som ressurs.

Naturkvalitetar og spesielt strandsona er viktig for trivsel og helse. Natur, miljø- og landskapsverdiar gir moglegheit for rekreasjon, opplevingar og friluftsliv, samstundes som det er viktig for bevaring av biologisk mangfald.



Strandsona er også ein viktig ressurs i arbeidet med utvikling av lokalsamfunn og bygder. Ei balansert arealforvaltning bør difor ha fokus på tilrettelegging for turistnæring, fritidseigedommar og sjøtilknytt næringsverksemd, samstundes som viktige kvalitetar for ålmenta blir ivareteken.

Arealdisponering i strandsona skal skje gjennom overordna planlegging. I område der ein opnar for utbygging i strandsona skal følgjande prinsipp ligge til grunn:

- *Utbygging skal i hovudsak skje etter reguleringsplan.*
- *Byggjegrænse mot sjø vere minimum 25 meter.*
- *Bygg og anlegg som er sjøtilknytt (t.d. naust og sjøhus) skal i størst mogleg grad samlokalisert.*
- *Vegar og parkeringsplassar skal ikkje leggjast i strandsona.*
- *I samband med kulturminne og kulturverdiar skal det settast av eit tilstrekkeleg område for å sikre verdiane.*
- *Stiar, gangvegar og viktige grøntkorridorar skal takast vare på.*

4. Grøntstruktur, trivsel og fysisk aktivitet: Ein kvardag med moglegheit for fysisk aktivitet gir auka folkehelse. I all arealplanlegging skal ein fokusere på gode og trygge moglegheiter for å gå eller sykle til skule-, jobb eller butikk, samt moglegheiter for leike ute, gå på tur i skogen m.m. Då må det vere mogleg å ferdast trygt langs vegane, og eksistere gode uteområde og møteplassar i nærmiljøet. Samstundes må bustader, arbeidsplassar, butikkar og fritidsaktivitetar lokaliserast slik at det er mogleg å ta seg fram utan bil.

Grøne strukturar med gang-, sykkel- og turvegar er viktig for trivsel og helse ved at det gir rom for leik, rekreasjon, mosjon, friluftsliv, opplevingar og sosialt samvær. I tillegg bidreg grønne strukturar til vakre

omgivnader og god livskvalitet. Det må difor, i tillegg til å setjast av nytt areal, vere fokus på vedlikehald av viktige grønne strukturar.



Lett tilgjengleg og tilrettelagde område for fysisk aktivitet gjer at fleire er aktive og er difor viktige bidrag til god folkehelse.

5. Klimaendringar og samfunnstryggleik
Klimaendringar vil påverke samfunnet på svært mange måtar. Framtidig arealplanlegging må ha fokus på samfunnstryggleik og ta høgde for faktorar som havnivåstigning, auka flaum- og skredfare, hyppigare ekstremver, samt auka klimapåverknad på bygg og anna infrastruktur.



6. Næringsareal.

For å sikre nye og eksisterande verksemdar utviklingsmoglegheiter er det viktig med ei satsing for å sikre eigna kommunale næringsareal til leige/sal i alle bygdelag. Dette gjeld både forvaltning av

eksisterande areal og moglegheit for etablering av nye.

I eit arbeid med å styrke kommunen sine moglegheiter for å utvikle eit mangfaldig næringsliv er det viktig å legge til rette for kontorlokale i sentrumsområde, og spesielt kommunesenteret. Samlokalisering av offentleg og privat tenesteyting kan vere eit bidrag til å utvikle eit kompetansemiljø i Høyanger kommune.

Akvakultur og oppdrettsnæringa er ei sentral næring i Høyanger kommune, medan tradisjon for å planlegge sjøareal har vore fråverande. Framtidig bruk av sjøareal bør ha fokus på berekraftig utvikling.

7. Jordvern

Landbruk er viktig for busetjing, verdiskaping og kulturlandskap. I arealforvaltning skal det leggest stor vekt på kommande generasjonar sine behov for å produsere eigen mat, og at miljøverdiane i kulturlandskapet vert tekne vare på.

Høyanger kommune har som mål å sikre verdifulle jordbruksareal og kulturlandskap. Ved omdisponering av areal skal utbyggingsbehov, alternative

vurderingar og konsekvensar for landbruk gjerast greie for.



8. Hyttebygging

Hytteutbygging er viktig med omsyn til å oppretthalde bygdesamfunn gjennom dei ringverknadar slik aktivitet skapar for lokalsamfunn og eksisterande næringsliv. Utbygging bør skje gjennom overordna planlegging for slik å oppnå ei balansert utvikling der areal til hyttebygging blir vurdert opp mot andre arealbehov.